

KV er viktig for Kvinnherad

22.02.2016



Ordføreren var svært grundig

Kvinnherad Vekstbedrift AS i Uskedalen er ei viktig verksemd og eit vesentleg tiltak for kommunen. Det slo ordførar Peder Sjo Slettebø fast for uskedalen.no etter ei særst grundig synfaring gjennom Kvinnherad Vekstbedrift i dag.
Han gjekk igjennom alle dei 5 avdelingane, som no har passert tilsaman 50 tilsette, og verka svært fornøgd med kva han såg.



Leiar Tor Vidar Sæle var ein god vert for den nye kommunetoppen

Ordføraren registrerte ikkje noko negativt i organisering og drift av den verksemda som ligg sentralt i bygda, og som leiinga gjerne ynskjer å utvida enda meir. Den vert imidlertid køyrt med strame tøyalar av NAV. Den er eit privat aksjeselskap.

Ordføraren fekk ei positiv mottaking med flagget til topps, gigantkake og blomar, og det var ikkje mange informasjonar han hoppa over. Hvis han maktar å halde oppe eit så høgt nivå i kontakten med næringslivet, har korkje uskedelingane eller andre grunn til å kjenne seg sett til side sjølv om dei er sparsomt representert i kommunestyret.

Ordføraren vart møtt med positive tal, mellom anna at KV kom opp i 2,3 millionar i omsetnad ifjor, Men leiinga opplyste at det førebels er for tidleg å gå ut med resultatrekneskapa for 2015.

Som andre vart ordføraren imponert over mangfaldet i produktspekteret, som spenner frå bunader og postkassestativ til paller og vesker. Og alt overskottet går attende til drifta.

Tekst, foto og nett. Ola Matti Mathisen